

1 **Arbeidsprogram for Bergen ungdomslag Ervingen 2021-2022**

2 Hovudmål:

- 3 • Lagsbygging
- 4 • Fleire medleamar og større oppleving av å høyra til i laget.

5 **Rekruttering av gamle og nye medleamar**

6 Covid-19 pandemien har bydd på store utfordringar med tanke på å gjennomføra faste
7 aktivitetar. Til ein viss grad har vi klart å gjennomfør aktivitetar i periodar, men vi har og
8 måta finna alternative møteplassar, aktivitetar og måtar å vera saman på. Det blir eit viktig
9 mål for oss dei neste åra, å koma i gang med aktivitetane på nytt, ny-rekruttera medleamar som
10 har falle frå eller funne andre vanar / aktivitetar i mellomtida, samt å halda fram fokuset på
11 rekruttering av nye medleamar. Ved forbod mot å gjennomføra aktivitetar som normalt, kan
12 dette verta gjort ved å legga til rette for digitale møte, elles ynskjer vi å gjennomføra
13 aktivitetar med tilrettelegging i høve smittevernreglar, og så snart det blir mogleg vil vi starta
14 opp att med dei faste aktivitetane som før.

15 **Lagsbygging**

16 Laget hadde som eit viktig mål for 2020 å fokusera på å skapa meir samhold og
17 fellesskapskjensle mellom dei ulike særlaga og aktivitetane. Som følgje av
18 pandemisituasjonen måtte det meste av aktivitetane, inkludert det store fellesløftet i form av ei
19 stor felles førestelling med Bergen 950-prosjektet avlysast / utsetjast. Styret ynskjer difor å
20 arbeida vidare med dette målet i åra som kjem ved å legga til rette for møteplassar gjennom
21 felles tilskipingar, temakvelder, hytteturar og andre arrangement. Til dømes kan NU sitt
22 jubileum hausten 2021 vera utgangspunkt for ei felles tilskiping på tvers av særlaga. Det er
23 framleis også eit langsiktig mål å gjennomført det planlagde Bergen 950-prosjektet med
24 oppsetting av teaterstykket «Ervingen» som ein fellesproduksjon for alle særlaga anten i 2021
25 eller 2022, alt etter kva pandemisituasjonen tillet. Styret vurderar at arbeidet mot ein større
26 produksjon vil kunne vera eit viktig og inspirerande trekkplaster med tanke på rekruttering
27 både av gamle og nye medleamar og slik sett også støtte oppunder det andre hovudmålet om
28 rekruttering. Målet er at alle som er medlem av Bergen ungdomslag Ervingen skal vita kva
29 aktivitetar laget tilbyr, og kjenna ei kjensle av å høyra til i laget. Styret vil dessutan meir
30 aktivt bruka særlaga i planlegging og gjennomføring av tilskipingar. Vi er eit stort lag, og det
31 er difor viktig at alle får vera med å bidra.